

Årsmelding for Jostedal Spel-og Dansarlag for året 2003.

Året 2003 har også vore eit aktivt år for Jostedal Spel-og dansarlag.
Årsmøte vart halde den 8. april 2003 på Solvang Kafe og Pensjonat.
17 medlemmar møtte. *NG*

Leiar vart då vald: Asbjørg Ormberg.

Styremedlemene med varamedlemar vart valde.

Då styret seinare konstituerte seg, vart samansetjinga slik:

Arnfinn Gjerde, nestleiar

Dagrun Hesjevoll, kasserar

Asbjørg Ormberg, leiar

Solveig Sperle vart ny i styret, skrivar

Odd Arne Myklemyr, styremedlem

Tordis Vigdal og Oddvar Kronen varamedlemer til styret.

Det har vore halde 5 styremøte og handsama 17 saker gjennom året.

Det er ca.60 medlemmer i laget.

Medlemspengane har vore kr. 125,00 for vaksne og kr. 40,00 for born.

Aktivitet i laget.

Opplæring:

- Det har vore opplæring på fele og trekkspel på fleire nivå, Harald Hesjevoll instruktør.
- Det vart halde dansekurs (Linedance og andre dansar) 25.-26.april. Berit Leirdal instruktør.
- Det har vore øvingar i spelemannslaget, særleg framfor kappleikar. Else Marie Haugen og Helene Myklemyr har vore musikalske leiarar.
- Songstunder med gamle viser og songar vart drive fram til sommarferien. Asbjørg leiar for dette. Kom ikkje i gong att på hausten.
- Det vart halde verkstadhelg 24. og 25. oktober i samfunnshuset. Arve Røneid var instruktør på toradar og trekkspel, Arve Sjøstad på kontrabass, Harald Hesjevoll, Else Marie Haugen og Ann Kristin Sperle på hardingfele/fele. Arvid Elvekrok var instruktør på akustisk gitar. Arvid Tveit var instruktør i dans, og hadde opplæring i pols. Oda Heidi Bolstad sytte for god musikk til dansekurset. Ca.40 deltakarar var med på aktivitetane.

Deltaking på kappleikar, stemne og kurs:

- Jostedal Spel- og dansarlag har hatt deltakarar på både Fylkeskappleik (i Stryn), Landskappleik (på Gjøvik) og Vestlandskappleik (på Kaupanger). *og andre kappleikar*
Laget hadde deltakarar i pardans, lagdans, gruppespel og solospel på hardingfele. (Lagspel?)
- Laget har også bidrege med dommar på ein kappleik, nemleg Morten Vigdal, dansedommar på Vestlandskappleiken i Kaupanger i oktober.
- Felejentene til Harald deltok i programmet på 17.mai.
- "Vårsull", eit tonesett dikt av Lars Stølen, vart ur-framført av Else Marie Haugen og Asbjørg Ormberg på 17.mai.
- Ida Kristine Sagerøy har gledd mange med sin eigen komposisjon "Ida's vals", framført på trekkspel. Flott gjort av ei så ung jente! (13 år).
- Dei unge fele-jentene var på juniortreff på Skei.
- 5 av medlemmane deltok på Mo-kurset.
- Else Marie har vore på instruktørkurs.
- Asbjørg Ormberg og ~~Dagrun~~ Hesjevoll repr. laget på årsmøtet til LFS på Voss fyrste helga i november. *SF-folkemusikk laget*

Tilskippingar

- Konsert med Berit Opheim i Jostedal kyrkje i juni. Det var tillyst kurs, men for få deltakarar påmelde.
- Laget var med og arrangerte "Blåe tonar under breen" siste helga i august saman med Absolute Blues, Jostedal Hotell, Breheimsenteret og Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Sistnemnde lag skipa då også til songkurs i Ragnar Vigdal-tradisjon, der Klaus Vigdal og Asbjørg Ormberg var lærarar.
- I samband med verkstadhelgi vart det skipa til gamaldanskveld i samfunnshuset laurdag 25.oktober. Helselaget, Jostedal Spelemannslag og Labakkalaget spelte.
- Laget skipa til julebord på Jostedal Hotell den 19.12.03. Musikk ved Hagen & Åberge.

Ymse:

- JSD tok som vanleg sin del av arbeidet på 17.mai (selje is og brus)
- Laget har vore med og arrangert Bingo i Jostedalen.
- Det blir sendt ut Medlemsnytt til alle medlemar i laget nokre gonger for året.
- Harald Hesjevoll er spurd, og har sagt ja til å vere "materialforvaltar" i laget, ha tilsyn med eignaluter til laget, reperere det som er naudsynt og enkelt, kontakte styret ved større repr.

sak 05/04

sak

sak

sak

Arbeidsplan for Jostedal Spel og Dansarlag for året 2004.

- Halde fram med den opplæringa som er i dag i hardingfele og trekkspel.
- **Øvingar** i spelemannslaget.
- Prøve å få i gong att danseopplæring, for både born og vaksne.
 - Skipe til kurs i song, spel og dans i samsvar med ynskje frå medlemmane.
 - Halde fram arbeidet med registrering av laget sine eigneluter (instrument, lydanlegg m.m).
 - Ny **verkstادهelg** til hausten med vekt på tradisjonsstoff frå Jostedal innan musikk, song og dans.
 - Få med tidlegare aktive.
 - Medverke til at oppgåver og prosjekt med vekt på folkemusikk/dans/song frå Jostedal vert publisert for fleire, t.d. på sommarmarknaden eller ved annan tilskiping. Med andre ord: setje fokus på det særmerkte ved musikken/dansen/songen frå Jostedal, eller likskapstrekkka med musikk/dans/song frå nærliggjande område.
 - Halde medlemmane orienterte gjennom **medlemsnytt**
 - Halde **årsmøte**
 - Skipe til **konsertar**, gjerne med tilreisande utøvarar.
 - Skipe til gamaldanskveldar.
 - Delta på lokale arrangement
 - Delta på kappleikar
 - Delta på juniortreff
 - Delta på landskappleik / landsfestival
 - Sende born til Mokurs
 - Skipe til julebord med dans etter gamaldansmusikk
 - Arrangere Bingo
 - Arbeide for at kulturarven vår i Jostedal innan spel, song og dans vert halden i hevd.

• Feire 50-års-jubileum